



Kari Tollefsen Strømme
Flaktveitvegen 478
5134 Flaktveit

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3038 - 23/29439

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
18.04.2023

Svar på spørsmål om bebyggelse av tomt i LNF område - gbnr 12/54 Veland

Viser til epost vedkomande spørsmål om avklaring angående moglegheiter for bebyggelse av tomt.

Som utgangspunkt er det ikkje mogleg for kommunen å forskuttere eit byggeløyve. Det må sendast inn søknad om løyve som kommunen konkret vil handsame.

Gbnr. 12/54 ligg i uregulert område i kommunedelplan for Lindås 2019-2031 er sett av til LNF-føremål. Vidare ligg eigedomen innanfor omsynssone H510_oL25 kulturlandskap og faresone for ras- og skredfare (H310) som krev geologisk vurdering av risiko for ras for utløysingsområde og utlaupsområde dersom det skal gjerast visse tiltak etter pbl § 20-1, sjå føresegn 4.1.3. Dersom det vert avdekka risiko/fare, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det kan gjevast løyve til tiltak.

For at det skal kunne byggast på tomten, må det søkjast om dispensasjon frå LNF-formålet. Ein slik dispensasjon vil sendast på uttale til Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune, landbruksavdelinga i Alver, og evt. andre mynde som kan vere berørt eller som kan ha interesser i område. I tillegg må det ligge føre ei geologisk vurdering som nemnd i føresegn 4.1.3.

Det må og dokumenterast at eigedomen har tilgang til vatn- og avluap, jf. pbl § 27-1, jf. § 27-2, samt sikra adkomst, jf. pbl § 27-4.

Du finn tips og råd hos DIBK til kva du bør undersøkje før du set i gang, [DIBK \(Direktoratet for byggkvalitet\)](#), samt på våre nettsider [Alver kommune](#).

Vedlagt finn du og link til [kpa_foresegner-og-retningsliner_vedtatt-15102019.pdf](#)
([alver.kommune.no](#))

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kari Tollefsen Strømme

Flaktveitvegen 478

5134

Flaktveit